



KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 11.11.2016
Vår ref.: 2015/5194-9
Saksbehandlar: rolrose
Dykkar ref.:

Overtaking av Borgundøy og Fjelbergøy ferjekaiar - forslag til avtale

Me syner til brevet dykker av 17. oktober 2016 der de varsler at de vil overdra Fjelbergøy og Borgundøy ferjekaiar til fylkeskommunen.

Vedlagt fylgjer forslag til avtale. Me ber om tilbakemelding dersom de har merknader til den.

I fylkesutvalet sitt vedtak om å opna for å ta over eigarskapet til ferjekaiane, vart det lagt til grunn at når vilkåra for å ta over kaiane er klårlagte, så skal det leggjast fram sak om dette for fylkesutvalet. Me tek sikte på å leggja fram slik sak til møte i desember.

Når det er fatta endeleg vedtak om overtaking av kaiane, kan me gå vidare med overdraginga. Som kjent er det føreteke ei tilstandsvurdering av kaiane som seier noko om kva tiltak som bør gjennomførast for å få ein tenleg og mest mogeleg lik standard. Det er uklart om djupneforholda er tilfredstilande. Statens vegvesen vil kartleggja djupneforholda i løpet av vinteren.

Håkon Rasmussen
Fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.